

**Til stades:** Per Øyvind Tveiten - leiar, Camilla Granlien - nestleiar  
Helene M. Bolstad - nestleiar, Thor Hauknes,  
Hilde Reitan, Olav I. Mjelva, Tove Leinslie  
Gro Marie Svidal – 1.vara,  
Frå administrasjonen:  
Linda Dyrnes – dagleg leiar, Ingrid Stuhaug – dei tilsettes  
representant. Olaug Furusæter under sak 28.

**Tid:** Tysdag 24.mai kl.10-17

**Stad:** Schous

## Referat

**Styresak 2016/26** Innkalling og sakliste

**Styresak 2016/27** Orienterings-, drøfting- og referatsaker

- a) Driftsrapport
- b) Meisterkonserten i operaen, status
- c) Sjukefråværsstatistikk
- d) Drøfting kring problemstilling om faste veker for Lk og LF
- e) Eventuelt

**Styresak 2016/28** Diverse frå fagutvalet for yrkesutøvarar

**Styresak 2016/29** Rangeringsoppsett for Landskappleiken. Oppdatering av kappleiksreglement

**Styresak 2016/30** Framlegg til ny poengskala og nye dommarskjema

**Styresak 2016/31** På kva måte skal vi arbeide med evaluering av dei nye kappleiksreglane om poenggjeving og rangering?

**Styresak 2016/32** Rekneskap 2015

**Styresak 2016/33** Revidert budsjett 2016

**Styresak 2016/34** Kriterium for årets folkemusikkarrangør

**Styresak 2016/35** Møtekalender hausten 2016

**Styresak 2016/36** Eventuelt

## Styresak 2016/26 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.

## Styresak 2016/27 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

### a) Driftsrapport, inkludert Folkelarm

- a. Rådgeving/opplæring/service – oppsummering
  - i. Vi har gitt områdelaga tilgjenge til Styreweb
  - ii. Jamleg oppdateringar og tips på facebook-sida for yrkesutøvarar.
  - iii. Vore på frilansfrokost hus Rikskonsertane
  - iv. Har vore med på Webinar om rekneskapsystemet Fiken
  - v. Medlemssystemet er oppdatert og avslutta for 2015. For 2016 er medlemsfaktura sendt ut og vi oppdaterer fortløpande endringar som kjem inn.
  - vi. Vi har lyst ut søknad om rekrutteringsstøtte og Norsk folkemusikkfond. Søknadsfrist er 20.mai for begge ordningane.
- b. Formidling og arrangement – oppsummering:
  - i. Landsfestival i gammaldansmusikk og Landskappleik:
    1. Fått arrangør for LK 2017
    2. Følgd opp årets arrangørar gjennom møte, kontakt via e-post og rådgeving
    3. Oppdatert app
  - ii. Folkelarm
    1. Fått tilskot på kr 260 000 frå Kulturrådet
    2. Nytt søknadssystem for showcaser teke i bruk
    3. Hatt møte med Riksscena
    4. Ny nettside nesten klar
    5. Vi er i ferd med å sette saman programkomité og mandat til den
    6. Samarbeid med Meisterkonserten avklara
    7. Hatt to møte med Oslokappleiken
    8. Har annonsert i ulike magasin
    9. Planlegg eit møte om nordisk samarbeid under Folkelarm.
  - iii. Meisterkonseren
    1. Avklara kva klassevinnarar som skal få invitasjon til meisterkonserten i operaen.
    2. Programleiarar vert Sigrid Moldestad og Ole Aastad Bråten
    3. Planlegg samarbeid med NRK folkemusikk om direktesending
    4. Fått kr 40 000 i tilskot frå Furestiftinga og kr 100 000 frå Bergesenstiftinga
  - iv. Introfolk

1. Fått kr 60 000 i tilskot til plateinnspeling
  2. Arbeidd vidare med turné
  3. Har søkt Rikskonsertane om skolekonsertturné.
- c. Informasjon og opplysning – oppsummering:
- i. Valt ut bilete til fotoutstilling på LK og LF
  - ii. Folkemusikk nr 2 er sendt ut, det er eit spesialnummer om LK og LF
  - iii. Magasinet blei i mars tildelt kr 150.000 i stønad frå Kulturrådet. Pengane er øyremerkt dette spesialnummeret og ei fotoutstilling med bilete frå 120 år med Landskappleiken og 30 år med Landsfestivalen
  - iv. Oppdatert nettsider og sosiale medium.
  - v. Seld annonser for Folkemusikk.
- d. Påverknad/samarbeid – oppsummering:
- i. Kulturrådets seminar om satsing på barn og unge.
  - ii. Music Norways Innspillskonferanse
  - iii. Norwegian Arts Abroad sitt vårslepp
  - iv. Dagleg leiar sitt i ei ressursgruppe i Frivillighet Norge, i høve eit prosjekt der ein skal minske einsamheit gjennom økt frivillig innsats. Hovudsatsinga er portalen frivillig.no, som er en ein portal der frivillige organisasjonar og festivalar kan lyse ut frivillige oppdrag.
  - v. Vi har hatt møte med statssekretær Bård Folke Fredriksen om plassering av statstilskott til FolkOrg, Norsk Jazzforum, Norske konsertarrangører, Klassisk, Samspill og Ny musikk. Bodskapen frå oss var at vi ønskjer å få tilskot frå post 78 i Kulturdepartementet.
  - vi. Vi har hatt møte med Sverre Lunde i Utanriksdepartementet om tilskot til Folkelarm.
  - vii. Vi var på Folk- & Världsmusikgalaen i Västerås, der vi drøfta nordisk samarbeid, var på Nordisk Showcase og knytte kontaktar med potensielle delegatar til Folkelarm
  - viii. Camilla og Linda var på møte i NRK om bruken av lokal, norsk musikk i distriktssendingane i NRK.
  - ix. Har vore i møte med Arbeiderpartiet på Stortinget, ved Hege Haukeland Liadal og Arild Stokkan Grande, for å snakke om konsekvensar av bortfall om krav til norskandel i kommersielle radiokanalar etter overgang til DAB, og kva ein kan gjere for å minske desse konsekvensane.
  - x. Vore på konferanse i regi av Talent Norge, der dei fortalde om kva dei arbeider med og kva prosjekt som har fått tilskot..
  - xi. Har vore i Rådsmøte i Norsk musikkråd og leiarmøte i Musikkens studieforbund.

xii. Vi har hatt Skypemøte med Nordisk folkemusikkomité

**e. Særskilde satsingar**

- i. Rekruttering innan folkemusikk og folkedans
  1. **Kulturfordel-appen til Norsk Musikkråd:** Har sendt ut informasjon om appen til dei tillitsvalde i laga. Det er eit problem med innlogginga for Android, så vidare spreiding av vårt brukarnavn og passord er utsett, til vi får svar på dette
- ii. **Folkedans**
  1. Vi har søkt og fått kr 50 000 frå RFF til eit forarbeid til ein søknad til Talent Norge, der vi ser for oss å etablere eit dansekompani for unge, særskilt talentfulle folkedansarar
- iii. Formidling og informasjon
  1. **INTROfolk:** har fått tilskot til plateinnspeling. Arbeidet med turné held fram. Vi har søkt Rikskonsertane om skolekonsertturné

**b) Meisterkonserten i operaen, status**

**c) Sjukefråværsstatistikk**

**d) Drøfting kring problemstilling om faste veker for Lk og LF**

**e) Eventuelt**

Vedtak: Styret tek orienterings- og referatsakene til orientering med desse merknadene:

**d) Landskappleiken** skal normalt arrangerast i veke 25 og Landsfestivalen i veke 31. Det skal mykje til før styret i FolkOrg gjer unntak frå det, då det er uheldig med kollisjonar med andre folkemusikkarrangement.

**Styresak 2016/28 Diverse frå fagutvalet for yrkesutøvarar**

Vedtak:

- a) Vi foreslår å oppnemne vararepresentant til fagutvalet på Landsmøte 2017.
- b) Camilla Granlien ønskjer å vere med på møte i fagutvalet, men då på Skype.
- c) Vi søker i driftstilskotet 2017 etter midlar til ei ad hoc-støtteordning øyremerka yrkesutøvarar i FolkOrg på turne i utlandet. For at ei slik støtteordning kan tre i kraft, er det ein føresetnad at vi får friske midlar. .

**Styresak 2016/29 Rangeringsoppsett for Landskappleiken. Oppdatering av kappleiksreglement**

Vedtak:

Styret i FolkOrg har vedteke dette rangeringsoppsettet for Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk:

**Rangeringstabell:**

1/3 av deltakarane på Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk skal rangerast. Slik vert talet rangert ut frå kor mange som deltek:

0 - 4 deltakarar:	Alle vert rangert
5 - 11 deltakarar:	dei 3 beste
12 - 14 deltakarar:	dei 4 beste
15 - 17 deltakarar:	dei 5 beste
18 - 20 deltakarar:	dei 6 beste
21 - 23 deltakarar:	dei 7 beste
24 - 26 deltakarar:	dei 8 beste
27 - 29 deltakarar:	dei 9 beste
30 - 32 deltakarar:	dei 10 beste
33 - 35 deltakarar:	dei 11 beste
36 - 38 deltakarar:	dei 12 beste
39 - 41 deltakarar:	dei 13 beste
42 - 44 deltakarar:	dei 14 beste
45 - 47 deltakarar:	dei 15 beste
48 - 50 deltakarar:	dei 16 beste
51 - 53 deltakarar:	dei 17 beste
54 - 56 deltakarar:	dei 18 beste
57 - 59 deltakarar:	dei 19 beste
60 - 62 deltakarar:	dei 20 beste
63 - 65 deltakarar:	dei 21 beste
66 - 68 deltakarar:	dei 22 beste
69 - 71 deltakarar:	dei 23 beste

72 – 74 deltakarar:	dei 24 beste
75 – 77 deltakarar:	dei 25 beste
78 – 80 deltakarar:	dei 26 beste
81 – 83 deltakarar:	dei 27 beste
84 – 86 deltakarar:	dei 28 beste
87 – 89 deltakarar:	dei 29 beste
90 – 92 deltakarar:	dei 30 beste
93 – 95 deltakarar:	dei 31 beste
96 – 98 deltakarar:	dei 32 beste
99 – 101 deltakarar:	dei 33 beste

Dei resterande deltakarane blir sette opp urangerte i alfabetisk rekkjefølgje.

**Unntak:**

- I B-klassane skal alle som får napp i A-klassa på Landskappleiken rangerast uansett om det overstig grensa som er sett i rangeringstabellen.
- Alle deltakarane på instrumentutstillinga vert rangert med poeng.

*Rangeringstabellen kjem inn som inn nytt punkt 7 i kappleiksreglementet*

**Styresak 2016/30 Framlegg til ny poengskala og nye dommarskjema**

Vedtak:

- a) Poengskalaen for alle klassane på Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk går frå 0 –100 poeng
- b) 75 poeng er grensa for opprykk til A-klassa på Landskappleiken

**Styresak 2016/31 På kva måte skal vi arbeide med evaluering av dei nye kappleiksreglane om poenggjeving og rangering?**

Vedtak:

Styret set ned ei arbeidsgruppe av 3 personar. Mandatet til gruppa er:

*Arbeidsgruppa skal evaluere endringane i kappleiksreglementet i høve rangering, poenggjeving og munnlegge attendemeldingar på bakgrunn av innspel frå årets deltakarar. Dei skal:*

- Førebu og utarbeide ei spørjeundersøking som administrasjonen legg ut i questback
- Vurdere og analysere desse attendemeldingane
- Kome med ei tilråding til styret.
- Undersøkinga bør vere open i september
- Styret skal ha tilbakemelding frå gruppa innan 1.desember.

Gruppa har desse medlemmane:

Mette Vårdal

Pernille Hansen

Laura Ellestad

#### **Styresak 2016/32    Rekneskap 2015**

Vedtak: Styret i FolkOrg godkjenner rekneskapen for 2015.

#### **Styresak 2016/33    Revidert budsjett 2016**

Vedtak:

Styret godkjenner revidert budsjett 2016

#### **Styresak 2016/34    Kriterium for årets folkemusikkarrangør**

Vedtak:

- 1) Premie, juryarbeid og dekking av overnatting og reise for dei nominerte i årets folkemusikkarrangør vert ikkje endra. Prisen delast ut under Meisterkonserten i operaen 20.november.
- 2) Framlagt framdriftsplan vert vedteke.
- 3) Kriterium for prisen for årets folkemusikkarrangør 2016:  
FolkOrg vil gi prisen for årets folkemusikkarrangør 2016 til ein arrangør som inkluderer dansen som ein del av sitt program, og som evnar å skape blest, interesse og entusiasme for arrangementa og sjangeren

**Styresak 2016/35 Møtekalender hausten 2016**

Vedtak

Styremøte 2016/04 er sett til *måndag 26.september kl. 10-17*

Styremøte 2016/05 er sett til *13.-14.desember. Både vara og administrasjon.*

**Styresak 201636 Eventuelt**

- a) Vi drøfta prioriteringar til driftstilskotsøknaden.
- b) NRK skal på Skibladner og skal ha underholdning. Vi må tipse våre medlemmer om å melde seg. Camilla tipsar om nokre kontaktar.